



Saksframlegg

Høyringsvar - endring av alkohollova

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet, Plan og økonomi	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Høyringsfråsegn frå Voss herad:

1. Voss herad støttar den framlagte endringa av alkohollova og meiner den kan bidra til å sikra levande kulturtradisjonar og kunnskap, samstundes som ho kan skapa nye moglegheiter for landbruket og reiselivet.
2. Voss herad vil peike på viktigheita av at kultur- og landbruksperspektivet vert godt ivareteke i det vidare arbeidet med regelverket. På Voss representerer særleg kveik- og gardsbrygginga ein viktig del av den lokale og nasjonale kulturarven, og bør få eit regelverk som gjer det mogleg å vidareføra denne tradisjonen gjennom aktiv bruk og lokal verdiskaping.
2. Voss herad meiner at vilkåra for sal frå produsentar ikkje må medføra krevjande kontroll og byråkratisk oppfølging.
3. Eit av framlegga til vilkår for løyve, er at salet inngår i eit betalt og separat besøksarrangement. Voss herad meiner dette vilkåret må verta gjort meir fleksibelt, slik at eit integrert vertskap og formidling kan vera tilstrekkeleg
4. Gitt vilkåra om at salstaden skal ha ein heilskapleg karakter og formidlingstilbod, og ikkje overstiga samla 15 000 liter drikk i gruppe 2 eller 5000 liter i gruppe 3, ser ikkje Voss herad behovet for dei avgrensingane som ligg i framlegget knytt til produksjonsvolum og grense for sal til einskildkunden.

Samandrag

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt framlegg til endringar i alkohollova og alkoholforskrifta som etablerer ei avgrensa ordning for sal av alkoholhaldig drikk direkte frå produsent. Høyringsfristen er sett til 5. september 2026.

Endringane av alkohollova som er foreslått er i hovudtrekk:

- Produkt i både alkoholhaldig drikk gruppe 2 og 3 skal vera omfatta av ordninga. Det blir foreslått at den alkoholhaldige drikka som blir seld, må vera tilverka på staden, altså gjæra eller destillera hjå den aktuelle tilverkaren.
- Ordninga skal berre omfatta små tilverkarar, fastsett gjennom grenser for produksjonsvolum. Grensene er 200 000 liter årleg produksjon for drikk med opptil 10 prosent alkohol, 100 000 liter årleg produksjon for drikk med mellom 10 og 22 prosent alkohol og 50 000 liter årleg produksjon for drikk med over 22 prosent alkohol.
- Produsentane må vera økonomisk og juridisk uavhengige.
- Løyve kan berre givast til produsentar der salet skal vera ein del av staden sin heilskaplege karakter og salstilbod.
- Det kan berre givast løyve til sal av eigne produkt dersom det er tilbydd eit betalt besøksarrangement med kunnskapshevande innhald.
- Det skal vera ei volumgrense for sal til kvar einskild besøkjande per besøk. Framlegget frå departementet er at det berre kan seljast inntil 1,5 liter alkoholhaldig drikk gruppe 2 og inntil 0,5 liter alkoholhaldig drikk gruppe 3, men det er òg opna for andre alternativ opp til ei mengd som svarar til den tollfrie kvota (1 liter brennevin, 1,5 liter vin og 2 liter øl).
- Det kan berre seljast inntil 15 000 liter alkoholhaldig drikk gruppe 2 eller inntil 5 000 liter alkoholhaldig drikk gruppe 3 per år.

Saksopplysinga

Helse- og omsorgsdepartementet foreslår å endre alkohollova slik at små produsentar av alkoholhaldig drikk over 4,7 volumprosent alkohol får eit avgrensa høve til å selje eigne produkt direkte til forbrukar frå produksjonsstaden. Forslaget gjeld produkt som er omfatta av EØS-avtalen, mellom anna øl, vin og brennevin. Føremålet er å styrkje reiseliv, lokal verdiskaping og besøksopplevingar knytte til mat- og drikkeproduksjon, samstundes som Vinmonopolet si rolle og den restriktive norske alkoholpolitikken vert haldne oppe.

Bakgrunnen for forslaget er eit oppmodingsvedtak frå Stortinget i 2024 om å greie ut moglegheitene for utvida sal av alkoholprodukt, under føresetnad av at Vinmonopolet består. Ei juridisk utgreiing konkluderte med at ei avgrensa ordning for direktesal kan vere i samsvar med EØS-retten dersom ordninga vert utforma strengt og ikkje svekkjer dei alkoholpolitiske verkemidla.

Departementet understrekar at alkohol er ei betydeleg folkehelseutfordring. Norsk alkoholpolitikk byggjer på dokumentert effektive verkemiddel som Vinmonopolet, reklameforbod, avgifter, aldersgrenser og avgrensa tilgang. Omsynet til folkehelsa er difor grunnleggjande for utforminga av den nye ordninga. Auka tilgang til alkohol kan føre til auka forbruk og fleire alkoholrelaterte skadar, og derfor må ei eventuell ordning vere sterkt avgrensa.

Forslaget inneber at berre små, økonomisk og juridisk uavhengige produsentar skal kunne få slik løyving. Departementet foreslår følgjande grenser for å verte rekna som liten produsent:

- Under 200 000 liter per år for gjæra produkt med inntil 10 volumprosent alkohol.
- Under 100 000 liter per år for gjæra produkt mellom 10 og 22 volumprosent alkohol.

Under 50 000 liter per år for brennevin (gruppe 3).

For å sikre at ordninga først og fremst støttar besøksnæring og ikkje vert ein alternativ salskanal til Vinmonopolet, vert det foreslått fleire strenge vilkår:

- Salet må vere knytt til produksjonsstaden.
- Produksjon og sal må inngå i eit heilskapleg besøks- og opplevingstilbod.
- Kunden må delta på eit betalt besøksarrangement med kunnskapshevande innhald, til dømes omvising, føredrag, smaking eller overnatting.
- Sal over internett eller utsending av varer skal ikkje vere tillate.

Departementet foreslår òg avgrensingar på kor mykje som kan seljast:

Per kunde per besøk:

Inntil 1,5 liter alkoholhaldig drikk i gruppe 2.

Inntil 0,5 liter alkoholhaldig drikk i gruppe 3.

Per produsent per år:

Inntil 15 000 liter gruppe 2.

Inntil 5 000 liter gruppe 3.

Vidare vert det foreslått at sjølve alkoholproduksjonen må gå føre seg på staden. Det skal ikkje vere tilstrekkeleg å blande eller vidareforedle innkjøpt alkohol. For produkt som inneheld brennevin, må brennevinet vere destillert på staden og produsert med statleg tilverkingssløyve. Departementet foreslår derimot ikkje krav om at råvarene skal vere eigenproduserte, slik dagens ordning for gardssal av sider og fruktvin krev.

Kommunane er føreslegne som løyving- og tilsynsmyndigheit, slik dei òg er for dagens lokale alkoholløyve. Salet skal følgje opningstidene til Vinmonopolet, det vil seie hovudsakleg mellom kl. 08.30 og 18.00 på kvardagar, med kortare opningstid før sundagar og heilagdagane. Kommunane kan innskrenke, men ikkje utvide, salstidene.

Departementet vurderer at ordninga er i samsvar med EØS-avtalen fordi ho er grunngeven i omsynet til folkehelsa og er utforma slik at ho berre fører til ei marginal auke i tilgangen til alkohol. Ordninga er meint som eit supplement til reiselivsopplevingar og ikkje som ein reell konkurrent til Vinmonopolet.

Ordninga er foreslått innført som ei mellombels prøveordning med ei varigheit på seks år. I løpet av denne perioden skal ho evaluerast, mellom anna med omsyn til konsekvensar for folkehelse, alkoholforbruk og stillinga til Vinmonopolet. Dersom evalueringa eller EØS-rettslege forhold tilseier det, skal ordninga kunne avviklast eller justerast.

Framlegget søker å balansere omsynet til lokal næringsutvikling og reiseliv med målet om å halde oppe ein restriktiv alkoholpolitikk. Små produsentar skal få eit avgrensa høve til å selje eigne produkt direkte til besøkande, men innanfor strenge rammer som skal sikre at Vinmonopolet sitt monopol og omsynet til folkehelsa framleis står fast.

Rådmannen si vurdering:

Generelle vurderingar:

Landbruk, reiseliv og kultur er viktige næringar på Voss, og i skjæringspunktet mellom desse ligg det eit stort potensial for lokal verdiskaping, formidling og utvikling av heilskaplege reiselivsopplevingar. Voss herad meiner difor at ei utvida ordning for sal direkte frå produsent kan vera eit viktig verkemiddel for å styrkja lokal næringsutvikling og ta vare på norsk mat- og drikkekultur. Voss herad er særleg opptatt av det næringsmessige og kulturhistoriske potensialet som ligg i utvikling av produksjon av det tradisjonelle Kveikølet. Rådmannen meiner særleg at ordninga bør utformast slik at ho tek vare på landbruksnæringane og tradisjonelle og handverksmessige produksjonsformer. Regelverket må særleg gje rom for små produsentar med særleg stadbunden kultur- og næringsverdi.

Rådmannen meiner at ei slik ordning kan bidra til å sikra levande kulturtradisjonar og kunnskap, samstundes som ho kan skapa nye moglegheiter for landbruket og reiselivet. Rådmannen vil peike på at særleg kveik- og gardsbrygging representerer ein viktig del av den lokale og nasjonale kulturarven, og bør få eit regelverk som gjer det mogleg å vidareføra denne tradisjonen gjennom aktiv bruk og lokal verdiskaping.

Rådmannen vil særleg peika på behovet for at:

- ordninga legg til rette for heilskaplege opplevingar der landbruk, lokal mat- og drikkekultur, kulturarv og reiseliv blir sett i samanheng
- kravet om betalt og separat besøksarrangement blir gjort meir fleksibelt, slik at integrert vertskap og formidling kan vera tilstrekkeleg
- ordninga omfattar tradisjonelt handverksbryggja øl med alkoholstyrke over 4,7 volumprosent, slik at ho faktisk kan omfatta autentisk tradisjonsøl basert på kveik
- salgsgrensene ikkje blir utforma på ein måte som gjer det vanskeleg for små produsentar å etablere levedyktig drift
- Kultur- og landbruksperspektivet blir godt ivareteke i det vidare arbeidet med regelverket.
- Voss herad er ei landbruksbygd og rådmannen meiner det bør ligga eit krav om at deler av råvarene i produksjonen av drykk i klasse 3 (brennevin) må vera lokalprodusert.

Rådmannen meiner Voss herad bør støtta framlegget om ei utvida ordning for sal av alkoholhaldig drikk direkte frå produsent, og ynskjer å be departementet ta omsyn til merknadene over i den vidare utforminga av regelverket.

Økonomiske konsekvensar:

Endringa kan gje noko auke i inntekter frå salsgebyr, men det er fyrst og fremst gardsbruka og produsentane som vil tene pengar på denne omlegginga. Omlegginga vil kunne sikra dei eit breiare driftsgrunnlag.

Miljø og klimakonsekvensar:

Uttalen vil ikkje i seg sjølv ha konsekvensar for miljø og klima.

Folkehelsekonsekvensar:

Uttalen vil ikkje i seg sjølv ha konsekvensar for folkehelsa.

Konklusjon

Helse og omsorgsdepartementet har sendt forslag om endringar i alkohollova og alkoholforskrifta - utvida ordning for avgrensa sal av drikke med alkohol direkte frå produsent på høyring. Voss herad er invitert til å gje høyringsuttale. Det blir gjort gjennom vedtakspunkta i denne saka.

Andre dokument i saka

Høyring - endringar i alkohollova og alkoholforskrifta